



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 02.09.2021

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 02.09.2021

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Rolf Aamot, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Meldt forfall:

Torunn Styve, Kenneth Førde, Frode Merkesvik

Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Torunn Styve, Kenneth Førde, Frode Merkesvik, Monica Sunde Tjønnås, Toril Børkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, Karl Hjelmeland, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkallinga vart godkjent. Til saklista vart det meldt inn 2 ekstra vedtakssaker: Endeleg godkjenning av rekneskapen 2020 etter motteken revisjonsmelding, og oppnemning av personar til utval som skal vurdere fredning av enkelte gravminner. Møteprotokoll frå HKF sitt møte 24.06.2021 vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker

- 039 Soknepresten har ei kort andakt**
Soknepresten delte nokre tankar om søndagens preiketekst; Jesus, Marta og Maria.
- 040 Rekneskapsrapport**
Oppdatert rekneskapsrapport vart gjennomgått i møtet.
- 041 Samarbeid om trusopplæring i Høyanger/Gaular**
Vi har fått stadfesta frå prest, prost og kyrkjeverje i Sunnfjord at det er interesse for å gå inn i stillingssamarbeid med Høyanger om kyrkjelydspedagog eller kateket. Arbeidet med å avklare rammer og ressursar for størst mogeleg stilling pågår med sikte på snarleg utlysing.
- 042 Alternativt kontorlokale i Høyanger**
Det har vore synfaring i Samfunnshuset for å vurdere om lokala i øverste etasje kan vere aktuelle som lokale for Høyanger kyrkjekontor, og det har vore etterfyljande møte med kommuneleiinga om kva tiltak som må gjerast for at desse lokala skal kunne høve til vårt behov. Vi ventar på tilbakemelding på dei moment vi har peika på som nødvendige. Vår kontrakt i noverande lokale går ut ved nyttår.
- 043 Orientering om handsaming av avvik**
Orientering vart gjeven – Ikkje Offentleg

- 044 Taklekkasje i Lavik kyrkje**
Det har vore synfaring, og lekkasjen er funnen. Skaden vert utbetra snarast innan 1 mnd.
- 045 Synfaring glasmåleri i Høyanger kyrkje**
Det var synfaring med fagfolk frå Norsk Institutt for kirkekunst (NIKU) den 30.08.2021
Dei skal lage ein tiltaksplan med kostnadsoverslag for utbetring av glasmåleriet i korveggen på kyrkja.
- 046 Varmepumpe ved Høyanger kyrkje**
Det er teke kontakt med ekspertise i KA for rådgjeving angående den defekte varmepumpa, for å vurdere moglege alternative oppvarmingsløyser.

Vedtaksaker

Sak 012/21 Tilbod på oppmåling og digitalisering av gravkart

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd vel å nytte seg av det rimelegaste tilbodet, så sant begge tilbydarane fullt ut oppfyller KA sin kravspesifikasjon.

Sak 013/21 Tilknytning av kyrkjene i Høyanger til 110 Vest

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd går inn for direkte brannvarsling til alarmsentralen 110 ved alle våre kyrkjebygg, og aksepterer det føreliggjande pristilbodet frå alarmsentralen 110 Vest.

Utvendige detektorar og ringeklokker er brannverntiltak som vil kunne redusere forsikringspremiene, og tilbod på dette må innhentast. HKF vil søkje økonomisk stønad til tiltaka gjennom KA sine tilskotsordningar.

Sak 014/21 Forordna gudstenester og kyrkjelege stillingar

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd oppnemner Kari Henny Dale og May. Wenche Fossmark til eit utval som saman med kyrkjeverja skal sjå om det er nokre stillingar som skal vurderast med tanke på endring i stillingsstorleik.

Sak 015/21 Stillingsutlysing Kyrkjelydspedagog/Kateket

Vedtak:

Det hastar med å utarbeide utlysingstekst og instruks for stillinga, og klargjere rammer for kor stor stilling som kan lysast ut for eininga Høyanger/Gaular. Høyanger kyrkjelege fellesråd som blir arbeidsgjevar for stillinga oppnemner Tønje Førde Systad og Andreas Ester, som saman med kyrkjeverja og representantar frå Gaular får ansvar for dette arbeidet.

Sak 016/21 Endeleg godkjenning av rekneskapen 2020

Vedtak:

På bakgrunn av motteken revisjonsmelding frå Vestland Revisjon, tek Høyanger kyrkjelege fellesråd no rekneskapen 2020 opp til endeleg godkjenning. Rekneskapen 2020 er samrøystes godkjent.

Sak 017/21 Oppnemning av utval til vurdering av verneverdige gravminner

Vedtak:

HKF spør Geir Sørebo, Helga Hjetland og Olav Hellebo om saman med kyrkjeverja å vurdere eventuelle verneverdige gravminner på gravplassane i Høyanger kommune.

Referent Bjørnar Otterstein